



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eva Katrine Taule, 55 57 22 26
Trond Aalstad, 55 57 22 29
Jorunn Nesheim, 55 57 21 76
Inge Edvardsen, 55 57 21 12
Ståle Øvrebo, 55 57 20 27

Vår dato
31.05.2010
Dykkar dato
12.04.2010

Vår referanse
2007/89 421.3
Dykkar referanse

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Uttale til 2. gongs offentleg ettersyn av arealdelen til Kommuneplan for Eidfjord

Planframlegget er endra frå første høyring på en del motsegnspunkt, men det er framleis konfliktfylt i høve til nasjonale mål for fritidsbustader, fjellområde og villrein for utbygging på stølssameigene Hjølmosete, Skisete, Berastøl, Øyna og Hansalia. ROS-vurderingane er ikkje tilfredsstillande. Det vert difor fremja motsegn mot planen på desse punkta.

Vi viser til Dykkar brev av 12.04.2010 med planframlegg for kommuneplan til 2. gongs høyring. Viser også til vår uttale med motsegn av 31.01.2008 til 1. gongs høyring av planframlegget og høyringsuttale med motsegn frå fylkeslandbruksstyret i møte 01.02.2008.

Bakgrunn

Planarbeidet starta med vedtak om oppstart i kommunestyret 11.12.2006. Fylkesmannen uttalte seg til planprogrammet i brev av 13.03.2007 og til 1.gangs høyring i brev av 31.01.2008. Det var knytt motsegn til uttalen med følgjande grunngjeving:
" Framlegg til rullering av arealdelen til kommuneplan for Eidfjord viser ikkje mange nye tiltak. Likevel framstår planframlegget som konfliktfullt i høve nasjonale arealmål og krav til planlegginga. Områda for spreidd utbygging av fritidsbustader opp mot Hardangervidda ligg i leveområde for villrein, viktige område for biologisk mangfald, nærområde til nasjonalparken og ved verna vassdrag. Utviding av skitrekke ved Maurseth går inn i leveområde for villrein. Auka storleik på hytter i Sysendalen og i LNF-områda er ikkje i samsvar med den nasjonale politikken for fritidsbustader. Verna vassdrag er ikkje markert i plankartet og heller ikkje støysonene langsmed hovudvegen, helikopterplass og motocrossbane. ROS-vurderingane er ikkje tilfredsstillande. Fylkesmannen har difor fremja motsegn til planframlegget på desse punkta."

Generelle merknader

Det går ikkje klårt fram av saka kva for endringar som er gjort i planframlegget. Etter det vi kan sjå er planframlegget endra på nokre punkt i høve til føresegner og konsekvensutgreiing og det er lagt inn noko ny arealbruk; i Simadalen og Øvre Eidfjord.

På plankartet er verna vassdrag markert samt støysoner rundt helikopterplass og motocrossbane. Støysone knytt til vegtrafikk i Sysendalen og bygde områder kring

hovudvegen er ikkje vist i kartet. Dette er svært uheldig i høve til etablering av busetnad i støytsette område.

Kartet har framleis regulerte område viste som skravur på kvit bakgrunn og har derfor ingen informasjon om kva området kan brukast til, berre at det er regulert. Dette bør endrast slik vi rådde til i vår uttale til 1. gongs høyring slik at det vert vist kva som er lovleg bruk. Dette vil gjere plan kartet meir informativt.

Samfunnstryggleik

Etter 1. høyring fremma Fylkesmannen motsegn til planen med bakgrunn i at tema innafor samfunnstryggleik og beredskap, sett bort frå skred, ikkje var vurdert i høve til den nye arealbruken.

Før planen vart sendt ut på 2. høyringsrunde vart det gjennomført eit avklaringsmøte mellom Eidfjord kommune og beredskapseininga. Her gjorde Eidfjord kommune det klart at det ikkje skulle leggjast ut nye tiltak i denne planprosessen. Det skulle såleis ikkje vere naudsynt med ytterlegare ROS-analysar enn det som låg føre frå tidlegare planprosessar. Planen er no på 2. gongs høyring, og Fylkesmannen kan ikkje sjå at område med ny arealbruk i høve til tidlegare planar er tatt ut av planen. Fylkesmannen opprettheld difor motsegna frå 1. høyringsrunde.

Merknader knytt til arealbruk

10) Hytter/stølshus i stølssameiger i LNF-område

Kommunen har avgrensa talet hytter i stølsområde frå 24 til 18; 3 i Isdalen, 5 på Hjølmosete, 1 på Skisete, 7 i Berastølen, 1 i Øyna og 1 i Hansalia. Den eine på Skisete finn vi ikkje att på kartet og han er ikkje på lista over konsekvensar (s. 15).

Vi viser til vurderinga i uttalen vår til 1. gongs høyring og meiner framleis at plangrep som opnar for å bygge hytter på stølsområde til dels langt frå veg er i strid med nasjonal politikk for hyttebygging. Nybygg i stølsområde bør berre skje som landbrukstiltak, dvs at stølsområde bør vere ein del av LNF utan spreidd bygging. Fylkesmannen er kritisk til ein praksis som tillet hytter langt frå veg. Dette gir nye inngrep i fjellet og auka trafikk med transport og bruk av snøscooter vinterstid for å nå desse hyttene.

Fleire av stølssameigene ligg inne i Hardangervidda villreinområde. Fylkesmannen meiner at det ikkje skal byggjast nye hyttar her og held fast på motsegna for desse. Det gjeld bygging på Skisete, Berastøl, Øyna og Hansalia. Øyna ligg i tillegg rett utanfor Hardangervidda nasjonalpark ved innfallsporten i Veigdalen og i eit ope landskap.

Hjølmosete er utan nyare bygg og ligg eit stykke unna veg og andre inngrep. Bygging her vil vere i strid med nasjonal arealpolitikk og det vert difor fremja motsegn til dette.

Isdalen har ikkje same konflikt med nasjonal hyttepolitikk og kan etter fylkesmannen sitt syn godkjennast med dei føresegnene som er lagt inn i kommuneplanen og som skal sikre utforming og tilpassing til landskapet.

11) Vurderingar av arealbruk i Sysendalen

Reguleringsplan for Garen vart avgjort i Miljøverndepartementet i brev av 12.02.2010. Planen må endrast vesentleg for å kunne ta nok omsyn til landskapet og viktige landskapsverdiar. Departementet legg vekt på at Hardangervidda nasjonalpark grenser til Sysendalen på sørsida. Hyttefeltet ved Garen vil bli godt synleg frå heile dalen og vera eksponert frå Hardangervidda. Rv.7 går gjennom planområdet og har status som nasjonal turistveg. I tillegg ligg Vøringsfossen, ein av dei mest besøkte turistattraksjonane i landet, rett vest for planområdet. Utbygging i eit planområde som ligg eksponert til i ein dal som er så viktig for reiseliv og friluftsliv set særlege krav til kvalitet og ivaretaking av landskapsverdiane.

Kommunen har gjort ein jobb med omsyn til å differensiere rammene for kvart felt avhengig av eksponering og lokalisering. Dette er tatt inn i føresegnene med opplisting av felta i tabellform. Alle nye felt har øvre arealgrense på bygg på 150 m². Fylkesmannen meiner rammene kunne vore stramma litt meir inn eller differensiert noko meir. Hytte på 150 m² og mønehøgde 4,5 meter er eit stort bygg på eksponerte stader. Det er lite skilnad på dei to kategoriane, berre ein meter i mønehøgde og ingenting på areal.

Når det gjeld vegframføring, er ikkje tabellforma i føresegnene eigna for å vise dette. Vegframføring er eit viktig landskapstema og må visast på kartet for å kunne ta stilling til dette. Fylkesmannen fremjar difor motsegn til punkt 1.4 i føresegnene når det gjeld avklaring av vegframføring til hytteområda.

Føresegnene tek rimeleg omsyn til grønstruktur og løyper. Men det er ikkje gitt tal hytter eller utnyttingsgrad for dei 16 delområda som pr dag ikkje har godkjent reguleringsplan. Dersom kommunen ikkje ønskjer å konkretisere dette for kvart felt, bør det takast med ei setning om at utnyttingsgrad eller tal på hytter skal vere definert i reguleringsplan.

Kartet for arealdel Sysendalen er prega av store kvite felt. Her misser ein mykje informasjon. Vi meiner plankartet bør vise arealføremål for område med godkjende reguleringsplanar.

12) Samordna arealbruk i Simadalen

Det er vist støysoner (gul og raud sone) både for motocrossbana og helikopterlandingsplass. Vi viser til våre merknader til 1. gongs høyring for dette området.

Fylkesmannen har ikkje merknad til helikopterlandingsplassen, men minner om det denne må handsamast som konsesjon etter luftfartsloven. Då må også tryggleiken dokumenterast jf nærleik til høgspenningslinjer og transformatorstasjon.

Det er lagt inn to nye områder for råstoffutvinning/massetak. Det eine er som utviding av eksisterande planområde ved Sæd/Selgjerd og det andre er kring eit eksisterande massetak ved Medhus. Fylkesmannen er kritisk til ei vesentleg utviding av eksisterande massetak på Medhus av omsyn til landskapet. Det er betre å samle landskapsinngrepa der det alt er vesentlege inngrep slik det er nedst i dalen.

15) Utviding og tilrettelegging av alpinanlegget på Maurseth

Det er planlagt vesentleg utviding av alpinanlegget på Maurseth med skiheis opp til Grytehoggi. Planen seier at ein tar sikte på å etablere varmestove og servering i same område som i dag. I planforslaget går det fram at kommunen ser dette som beste lokalisering i Sysendalen i høve til minst mogleg konflikt med villreininteresser. Alternative lokalitetar har vore vurdert men funne mindre eigna på grunn av villreinen. Området sør for rv7 er i dette området (sjølve Sysendalen) viktigare for reinen. I tillegg kjem at det alt er lagt til rette løype (vert kvista) frå Maurseth til Isdalen som er mykje nytta av turfolk.

Fylkesmannen registrerer at tiltaket vil gå inn i leveområde for villreinen, men ut frå ei vurdering av ferdsle elles i området vil ikkje fylkesmannen gå mot planane om utvida alpinanlegg på Maurseth. Eit godt tilrettelagt tilbod som samlar folk mest mogleg på rett stad i høve til villreinens bruk av området er det beste for å sikre villreininteressene på sikt.

18) Byggeområde i tilknytning til Hardangervidda Natursenter

Det er opplyst at arealet skal nyttast til opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø. Det er elles opplyst at arealet i dag er LNF-område og vert nytta til beite.

Fylkesmannen har forståing for at Hardangervidda Natursenter skal få utvikle seg vidare og næringsperspektivet her er viktig. Vi er kritiske til at det ikkje ligg meir dokumentasjon frå Eidfjord kommune om kvifor akkurat dette arealet er valt. Det er i slike høve at ei kjerneområdekartlegging bør ligge i botnen som dokumentasjon når vurderingar og val av arealbruk skal gjerast. Fylkesmannen er difor kritisk til det nye byggeområdet som er avsett.

Landbruk

Vi viser til høyringsuttalen frå fylkeslandbruksstyret frå møte 01.02.2008:

Fylkeslandbrukslandbruksstyret viser til landbruksdirektøren si saksutgreiing og gjev følgjande uttale:

1. Fylkeslandbruksstyret ser positivt på at Eidfjord kommune har gjort eit grundig arbeid med rullering av kommuneplanen. Kommunen har hatt ein omfattande prosess på dette.
 2. Det er eit kommunalt ansvar å passa på at dyrka mark, som er ein ikkje fornybar ressurs, ikkje vert bygd ned. Jordvern må ligge som ein premiss for kommuneplanlegginga. Fylkeslandbruksstyret vil rosa kommunen for at det ikkje er planlagt utbyggingsområde på dyrka mark.
 3. I LNF-område der spreidd utbygging er tillete må følgjande føresegner takast inn i planen:
 - Det skal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar jord eller på samanhengande innmarksbeite.
 - Det må ikkje delast ifrå tomt nærare driftsbygning i landbruket enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplager
 - Frådelingar eller byggjeløyve må ikkje føre til auka trafikk gjennom gardstunDesse punkta om føresegner er å rekne som motsegn til planen.
- I LNF-område der spreidd utbygging er tillete bør følgjande retningsliner takast inn i planen:
- Ved plassering av ny busetnad skal det takast landskapsomsyn for å hindre fragmentering av landskapet. Ny busetnad bør plasserast i tilknytning til eksisterande busetnad.
 - Busetnaden skal ha ei form, busetnadsstruktur, tomtstorleik og plassering som harmonerer med det eksisterande landskapet.
4. Fylkeslandbruksstyret meiner at kommunen må gjere grundig registrering av stølsmiljøa i kommunen, som må ligge til grunn for kva endringar desse områda kan tåle. Inngrep i desse områda kan m.a. vanskeleggjere at det vert teke opp att stølsdrift i ny form i framtida, t.d. knytt til reiselivsatsing. Det er tvilsamt om det er rett å ta eksisterande stølshus med i tala for spreidd hyttebygging, i og med at desse er å rekne som stølshus og ikkje som hytter.

For to av stølsområda, Hjørmosete og Berastøl, er talet på nye hytter svært høgt i høve til eksisterande stølshus. Dette minner meir om hyttefelt enn om spreidd hyttebygging. Det må stillast spørsmål om det i desse landskapa er ynskjeleg med så mange hytter i område som er svært lite tilgjengelege. På Viveli syner kartet at landbrukskvalitetar er vektlagt. Fylkeslandbruksstyret vil rå frå vidare utbygging i dette området utifrå at det ikkje er dokumentert kva dette stølsområdet kan tåle utan å verte forringa.

5. For LNF-områda bør følgjande retningslinjer takast inn:
 - Dersom kommunen etter jordlova gjev løyve til bygging av nytt våningshus (hus nr.2) på ein landbrukseigedom, så skal huset i hovudsak plasserast som ein del av tunskipnaden og tilpassast dei eksisterande bygningane i tunet.
 - Nye, store driftsbygningar må få ei plassering som harmonerer med landskapet.
6. Fylkeslandbruksstyret rår til at Eidfjord kommune føretar ei kartlegging i samsvar med rettleiaren for kjerneområde landbruk frå Landbruks- og matdepartementet; <http://www.odin.no/lmd/html/kjerneomraade/index.html>. Når Eidfjord kommune har utvikla seg til ei tursistkommune, og samstundes satsar på matkultur og småskala matproduksjon, er det særleg viktig å ta vare på landskapet og produksjonsgrunnlaget for mat.

Punkt 3.

Dersom pkt 3 Utforming m.v. av bustad- og fritidshus i LNF-område, i det nye høyringsframlegget vert endra til Utforming m.v. av bustad- og fritidshus i LNF-område med tillate spreidd utbygging, gir det grunnlag for å ta bort motsegna.

Punkt 4.

Når det gjeld handtering av stølsområda held fylkesmannen fast ved uttalen frå 01.02.2008 (sjå ovanfor). Det går ikkje klart fram av 2.gongshøyringa at dette er forhold som er godt nok ivaretekne.

Punkt 6.

Eidfjord kommune er no ein av dei få kommunane i Hordaland som ikkje har på plass- eller er i gang med kjerneområde kartlegging for landbruksområda. Det vart i uttalen frå 01.02.2008 rådd til at Eidfjord kommune gjennomfører ei slik kartlegging. Vi registrerar at dette ikkje er gjort. Det kan og takast no i etterkant av kommuneplanrulleringa. Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen kan hjelpe med dette arbeidet.

Planjuridiske tilhøve

Føresegner og retningslinjer opnar for spreidd utbygging av fritidshus både i LNF område generelt og i stølsområde. Prinsippet om spreidd utbygging av fritidshus er i seg sjølv uheldig. Det vert lagt opp til ein glidande overgang mellom stølsområde og fritidshus, slik at etterkvart vil også stølsområda bli reine hytteområde. Ideelt sett burde det vore skilt klarare mellom stølshus/driftsbygg som er nødvendige i landbruket og fritidshus.

Eksisterande bustad- og fritidsbygg i LNF-område vert lagt opp til å godkjennast som spreidd utbygging. Dette er ikkje i samsvar med plan- og bygningslova som krev lokalisering på kart og omfangsavgrønsing.

Oppsummering

Planframlegget er noko endra i høve til 1. gongs høyring. Plankartet viser støysoner kring helikopterplass og motocrossbane, og dei verna vassdraga Erdal og Veig er synleggjorte. Det er gjort endringar i høve til spreidd utbygging i stølsområda i fjellet og føresegnene til utbygging i Sysendalen.

Planframlegget er framleis konfliktfylt i høve til nasjonale mål for fritidsbustader, fjellområde og villrein for utbygging på stølssameigene Hjølmosete, Skisete, Berastøl, Øyna og Hansalia. Føresegna i tabellform er ikkje tilfredsstillande for avklaring av vegframføring i Sysendalen. ROS-vurderingane er ikkje tilfredsstillande. Det vert difor fremja motsegn mot planen på desse punkta.

Med helsing

Rune Fjeld
Fung. fylkesmann

Terje Aasen
Fylkesmiljøvernsjef

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Regional utvikling, Planseksjonen
Statens vegvesen, Region Vest